

Tidleg på 1700-talet budde Hans Olsson og Inger Rasmusdtr. på Dalland med sine tre døtre, Kari, Berte og Anna. Berte vart buande på Dalland og ho gifte seg med Jon Olsson. Kari gifte seg med Nils Johannessen frå Hella.

Men det er den yngste, Anna, sine etterkomarar vi skal prøva å følgja fram til vår eiga tid.

Anna gifte seg med Johannes Monsen frå Helland og dei busette seg der. Dei fekk 5 born: Mons, busett på Helland, Knut, Inger, også busett på Helland, Kari, som vi skal følgja vidare og Botella, som døydde ung.

KARI JOHANNESDTR. var fødd i 1758 og då ho var 24 år, gifte ho seg med Thomas Nilsen Grindheim. Dei budde på Grindheim og dei fekk to born: Johannes i 1783 og Kari i 1785.

Men alt i 1787 døydde Thomas, berre 34 år. Det var nok eit tungt slag for Kari å verta åleine med sine to små. Gardsdrifta på den tida var svært arbeidskrevande og fysisk tung. Etter eit par år åleine, gifte ho seg oppatt med Rasmus Gundersen Mangerøen.

Far til Rasmus var Gunder Johannessen Øen (Mangerøy) som var fødd på Toska i 1725. Mora var Anna Johannesdtr. Dei var leilendingar ved Manger Prestegard. Gunder døydde berre 40 år gamal - då var Rasmus berre 6 år. Rasmus hadde ein eldre bror, Johannes som døydde ung. Han hadde også ein som berre var eitt år då faren døydde, denne broren heitte også Johannes. Mora gifte seg oppatt og fekk seinare ein son til. Det er heilt utruleg, men også han fekk namnet Johannes. Dette viser kor sterkt skikken med å kalla oppatt var - den eldste skulle nok heita etter farfaren, den neste etter morfaren (begge dei heitte Johannes) og den yngste heitte nok etter broren sin som då var død.

Kari og Rasmus fekk 3 born: Anne (Anna) f.1789, Botelle f. 1792 og Thomas f.1797.

KARI SINE BORN.

JOHANNES THOMASSEN gifte seg i 1804 med Mari Rasmusdtr. Dalland. Ho var dotter til Ane Monsdtr. Dalland og Rasmus Thomassen frå Birkeland. Mari og Johannes vart buande på Dalland og dei fekk 12 born: Kari f. 1805, Mathis f. 1806, Anne f. 1807, Kari f. 1809, Barbro f. 1810, Anne f. 1811, Rasmus f. 1812, Tommes f. 1813, Marthine f. 1817, Marie f. 1820, Thomes f. 1825 og Johanne f. 1829.

KARI THOMASDTR. Av folketellinga i 1800 ser vi at Kari ikkje lenger budde hjå mor og stefar på Grindheim. Kvatid ho flytta ut, veit vi ikkje - heller ikkje til kven eller kva som var bakgrunnen til det. Men det var nokså vanleg at jenter i ganske ung alder vart barnejente hjå andre familiar - helst visst det var mange om bordet heime. For løn var det ikkje snakk om, berre kosten og kanskje eit par sko for året. For Kari sitt vedkomande er det heller ikkje utenkeleg at mora har sett seg nøydd å overlata henne til andre då ho vart enkje og sikkert hadde vanskeleg for å greia det daglege strevet åleine.

Truleg har ho ikkje vore lenger borte enn at dei har halde kontakten. Då ho i 1812 gifte seg med Ole Gudmundsen Kaalstad, var broren hennar, Johannes, forlovar.

Kari og Ole vart buande på Kolstad der dei dreiv gardsbruk. Dei fekk 4 sønner: Gudmund f. 1813, Thomes f. 1815, John f. 1816 og Rasmus f. 1819.

ANNA RASMUSDTR. si slekt skal vi følgja vidare og vi kjem derfor tilbake til henne.

BOTELLE RASMUSDTR. gifte seg i 1818 med Mons Mikkelsen Nordanger. Vi kjenner ikkje til kvar dei budde eller korleis deira vidare skjebne vart.

THOMAS RASMUSSEN fann også sin ektemake på Nordanger. Han gifte seg i 1822 med Rachel Hansdtr. Nordanger som var enkje. Thomas var då 25 år, Rachel sin alder vart i kyrkjeboka oppgitt til 45.

Ekteskap med så stor aldersforskjel forekom ikkje så skjeldan. Å verta enkje med fleire små born, var i seg sjølv ei tragedie. Å få livberging for dei alle av ein liten gard vart i tillegg så arbeidskrevande at det i praksis kunne verta det reine svelt-i-hel.

Eit nytt ekteskap med ein flink arbeidskar vart løysinga for mange. For han vart dette gjerne ein måte å skaffa seg ein gard på, utsiktene kunne elles gjerne vera eit heilt liv som dreng hjå andre - med ussel løn og ingen medbestemmelserett, langt mindre nokon status.

Vi veit sjølvsagt ikkje om dette var bakgrunnen for Rachel og Thomas. I alle fall vart dei buande på Nordanger med Rachel sine born frå 1. ekteskap: Anne Eriksdtr.f.1805, Ingeborg Eriksdtr. f. 1808, Sjur Eriksen f. ca. 1812 og Brite Eriksdtr. f.1816.

Rachel og Thomas fekk også ein son ilag - Nils Thomassen f. 1823.

Etter ei tid døydde Rachel. Thomas gifte seg oppatt med Ragnhild Haldorsdtr. Dei fekk ein son, Haldor f. 1839 og ei dotter, Tine Anania f. 1843. Same året som Tine vart fødd, døydde Thomas - berre 46 år.

3 år etter i 1846 selde Nils Thomassen garden til Lars Knutson. Dette er bruksnr. 07 på Nordanger, der Magnus Nordanger bur no.

Vi går tilbake til ANNA RASMUSDTR.

I 1810 gifte ho seg med Mons Johannessen frå Sætre. Han var son til Anna Mønsdtr. og Johannes Hansen. Om dei og slekta deira kan du lesa meir på side 1C.

Anna Rasmusdtr. og Mons Johannessen budde på Grindheim. Det var dei som overtok bruket der Anna vaks opp. I folketellinga i 1825 ser vi at Kari, mor til Anna, budde saman med dei. Ho var då 70 år og enkje.

Anna og Mons fekk mange born:

MARTHE f.1811 gifte seg i 1836 med Johannes Hanssen Bratshaug. Dei budde på Bratshaug i Herløen (no Meland) der Johannes var frå.

ANNE f. 1812 vart berre 4 år. Ho døydde i 1816.

RASMUS f. 1815 døydde også i 1816, 1 år. Kva dei døydde av, står det ingenting om.

ANNE f. 1817 gifte seg i 1843 med Jacob Pedersen Helland. Born: Guri f.1845 og Peder f.47.

INGEORG eller Engebor som det står nokre plassar, f. 1860. Ingeborg døydde i barselseng 41 år, 4 dagar etter at ho hadde fødd eit dødfødd barn. Ho var ugift og barnefaren var "gift Mand" Mons Steffensen, Østreim. Ingeborg budde på Grindheim.

RASMUS f. 1823 gifte seg i 1851 med Ingeborg Steffensdtr. Qualem (Kvalheim). Dei budde på Grindheim og dei fekk 3 born: Mons Andreas (kalt berre Andreas), Guri Helene (kalt Helene) og Steffen. Dei to yngste døydde unge, Helene vart 24 år og om Steffen står det i kyrkjeboka at han var "Sømand" og "omkom ved drukning i Kapstaden og blev begravet der." Mor deira, Ingeborg, vart heller ikkje gamal, berre 40 år. Eldste sonen, Andreas, overtok bruket og gifte seg med Rakel Ananiasdtr. som også var frå Grindheim.

JOHANNES f. 1825 skal vi følgja vidare og kjem derfor tilbake til han.

MONS f. 1827 gifte seg i 1852 med Ingeborg Andersdtr. Nordanger. Dei var busette der, men vi kjenner ikkje til noko meir om dei. Mons døydde på Nordanger i 1886.

KARI f. 1831 Som søstra Ingeborg fekk også Kari eit barn utanfor ekteskap, noko som vart sett på som ei stor skam på den tida. Truleg har begge søstrene vore i teneste på Austrheim. Barnefaren her var Marthin Gørbitz som budde på Årås i

Austrheim og hadde vorte enkjemann året før. Gørbitz-familien var ei "fin" Bergensslekt og Kari passa nok ikkje inn her, men han vedkjende seg farskapet. Han flytta frå Austrheim ikkje så lenge etter, og vi finn han ikkje meir. Kari reiste til Grindheim og fekk barnet der - ein gut som fekk namnet Marthin etter faren. Kari vart verande med guten hjå bror sin, Rasmus, som hushjelp. Men då Marthin var 4 år, døydde Kari, berre 38 år. I folketellinga 1875 var ikkje Marthin hjå onkelen lenger. Etter 1869 finn vi han rett og slett ikkje att, ikkje i folketellingar, heller ikkje som konfirmerert, gift eller død. Siste gong vi finn han nemnd, er i skiftet etter mora, som vi tek med utdrag av:

22/69 den 10/69 den 17. November blev Skj.  
 Kærskøn Tak paa Sørensen Riveens Kontor  
 i Bergen, belgint af Hans Overens af  
 anmerkede Pindar, hvor der foretoges  
 Paaløst paa Hans Hans datter Grund-  
 dens modtager af Paals Kontants  
 holdning fuldt Udlay . . . 8. -  
 2. Til Lønmanden for skuldkonuen 1. 4. 16  
 Skjult 1. - -  
 Samt Indkjøbsfor ved skuldkonuen 1. 4. 3  
 " af Indkjøbsfor " 3. - -  
 3. Antkøbsvianene . . . 2. 16  
 4. Regns kungsvianene . . . 2. 16  
 5. Ammanus Rasmusen Grund-  
 dens Fordring . . . 3. 8  
 6. Anders Hansen Grundkonuen . . . 1. 16  
 7. Johannes Hansen Grundkonuen . . . 2. - -  
 8. Anders Hansen Grundkonuen . . . 1. - -  
 9. 3. 3

22  
 11. Rasmus Hansen Grundkonuen 37. 1. 5  
 7 Spd modtager:  
 a. Indkjøbsfor ved Rasmus Hansen  
 Grundkonuen . . . 3. - -  
 b. Hos Indkjøbsfor Løn-  
 mand Kølberg . . . 4. - -  
 fuldt Udlay 7. - -  
 12. Faged Kølberg for skulde-  
 konuen 12 Spd modtager af  
 Paals Kontants Beholdning 18. - -  
 13. Jan Marthin Martinsen  
 Gjorbitz for skulde . . . 62. 3. 10  
 modtager:  
 a. af Paals kontants Beholdning  
 may . . . 53. 2. 3  
 b. Hos Indkjøbsfor Løn-  
 mand Kølberg . . . 4. 8. 7  
 fuldt Udlay 62. 3. 10  
 Tak 118. 4. 15

JOHANNES f. 1825 er den av Anna og Mons sine born vi skal følgja vidare. Han gifte seg i 1854 med Anna Olsdtr. Tveiten, dotter til Magdeli Pedersdtr. og Ole Larsen Tveiten. Om denne greina av slekta kan ein lesa meir på side 4C.

Same året som Johannes gifte seg, delte Mons garden mellom dei to eldste sønene, Rasmus og Johannes. Johannes og Anna busette seg på den søre delen, med Rasmus m. fam som næraste nabo. Anna og Mons budde hjå Johannes.

I 1865 fødde bruket til Johannes 3 kyr og 11 sauer. Rasmus hadde 2 kyr og 8 sauer. Begge sådde 1 1/2 tønne havre og sette 1 1/2 tønne poteter. Men 10 år etterpå har begge 2 kyr, 2 ungfø og dei sådde 2 tønner havre. Rasmus sette 3 tønner poteter og hadde 11 sauer og Johannes sette 2 tønner poteter og hadde 12 sauer.

Anna og Johannes fekk 4 døtre og ein son. vi tek med litt om dei alle:

MAGDELI gifte seg med Johannes Knudsen Sylta. Dei budde på Sylta der dei dreiv gardsbruk. I tillegg til det var Johannes mykje brukt til å skriva skøyter og andre offentlege papirer. Magdeli og Johannes fekk ikkje born.

OLINE gifte seg med Martinus Myrtveit frå Myrtveit i Meland. Han var lærar på Dal-land der det første skulehuset i krinsen stod. Då eldsteguten vart fødd, budde dei på Grindheim, seinare kjøpte dei seg gard på Helland. Dei fekk desse borna:  
 Olav f. 1883 g.m. Johanne Monsdtr. Norddal frå Vågenes. Busett i Bergen.  
 Johan f. 1884 g.g. Hildur Askeland frå Askeland. Busett i Fana.  
 Anna f. 1886 g.m. Henrik Kårdal. Busett på Kårdal i Lindås.  
 Synneva f. 1888 g.m. Amund Syslak. Busett på Syslak i Lindås.  
 Astrid f. 1890 g.m. Lars Tvedt frå Tveiten i Radøy. Busett på Manger.  
 Sara f. 1891 g.m. Jens Bugge frå Bergen. Busett i Bergen.  
 Sverre f. 1893 g.m. Brita ---. Busett i Fana.  
 Martinus f. 1895, døydde same dag.  
 Marta f. 1896, døydde i spanskesyka ca. 1918.  
 Oskar f. 1898 g.m. Elisabeth Urhaug. Busett på Birkeland i Radøy.  
 Magnus f. 1900 g.m. Emma Stangenes frå Manger. Budde på Helland.

INGEBORG var ugift. Ho arbeidde som sydame i Bergen. Ingeborg hadde ord på seg for å vera ei myndig og fritt-talande dame. Ho budde i Bergen heile sitt vaksne liv.

ANDREA vart konfirmert i 1879. I folketellinga 1875 budde ho ikkje heime med familien sin på Grindheim. Kvar ho var, veit vi ikkje - heller ikkje grunnen til at ho budde ein annan stad. Men den 28 febr.1886 er ho igjen å finna i kyrkjeboka - då som død, berre 22 år. Det går fram at lege hadde vore tilkalt. Som dødsårsak står berre "Døden". Dette uttrykket vart ofte brukt når sjukdomen kom snikjande utan at ein fann noko spesiell årsak. Folk sitt forhold til liv og død var annaleis på den tida - fekk ein alvårlege og langvarige smerter eller plager dei ikkje greidde å verta kvitt, meinte dei at dette var "Dødens grep" og aksepterte at dette var slutten.

MARTHIN er den vi skal følgja vidare. Han gifte seg i 1893 med Pauline Ivarsdtr. Sæle. Før vi fortel meir om deira liv, ser vi litt meir på Pauline si slekt. Sjå neste side.

Når vi ser nøyare på denne familien, kan vi ikkje unngå å leggja merke til at det er svært mange unge menneske som døyde tidleg. Bortsett frå Andrea og Steffen, står det ingenting om dødsårsaker. Dette er ikkje spesielt for denne familien. Frå andre kjelder ser vi at tuberkulosen tok mange unge liv her i kystdistrikta. Folk var fattige, dei budde trangt, hadde næringsfattig og einsidig mat og visste lite om smittemåtar og hygiene. Dette i tillegg til deira nedarva oppfatning av at Døden tok det han hadde lyst på uansett, gjorde det heller ikkje lett for dei legane som kom hit. Den første distriktslegen som forutan Radøy også skulle tenesgjera i Øygarden, Lindås og det meste av Nordhordland, måtte slutta fordi han hadde så få pasientar at han ikkje kunne leva av jobben. Dette kom sjølv sagt ikkje av at folk flest hadde så god helse, men først og fremst av at dei rett og slett ikkje hadde råd å betala legen, dei levde av det dei dyrka og hadde ingen kontantar. At legen i lengre tid var stasjonert i Arna, gjorde det dessutan heilt uaktuelt med noka øyeblikkeleg hjelp-teneste. Men sjølv når legen hadde kontordag på Manger, var det langt mellom pasientane. Dei som kom hadde då gjerne venta så lenge at ingenting kunne gjerast likevel og dei fekk såleis rett i at det var til ingen nytte. At avstandanden på det menneskelege planet mellom ein enkel og utfattig gardbrukar og ein velutdanna herre av eit høgare samfunnsskikt, var uoverstigeleg, gjorde det heile endå verre.

Forutan di smittsame sjukdomane, misstemange yngre kvinner livet at barselfeber eller andre komplikasjonar etter fødsjar. Fødslane skjedde alltid i heimen og jordmora var meir eller mindre sjølv lært, ei av nabokone gjorde ofte nytten. Dei hygieniske forholda var dårlege og ofte årsak til infeksjonar. Overtrua var stor i samband med graviditet og fødsjar.

## PAULINE SINE FORFEDRE.

=====

Ei grein av denne slekta kan vi følgja bakover i ca. 450 år. Kvinnene er lite nemnde i gamle skrifter, dei fleste hadde ein ganske anonym tilværelse som N.N. si kone. Vi veit lite om deira liv og lagnad og set derfor opp dei eldste generasjonane sjematisk:





SIRI ELLINGSDTR. OG JOHANNES PAULSEN.

Siri og Johannes fekk desse borna:

PAUL f. 1815 g.m. Kari Hansdtr. Budde på Toska. Born: Johannes f. 1848, Hans f.1850,  
 Elling f. 1851, Marthe f. 1854, Elisabeth f. 1857.  
 ELLING f. 1818  
 MALENE f. 1825 (også kalt Magli)  
 Mons f. 1824  
 RAGNHILDE f. 1826  
 ANNA f. 1830

Desse veit vi mest ingenting om, bortsett frå Ragnhilde som vi skal følgja vidare.

RAGNHILDE JOHANNESDTR.

Ragnhilde gifte seg i 1854 med Ivar Halvorsen Sæle ( sjå side B 11). Ho var då 27 år og han var 19. Dei budde på Nore Sæle i Øygarden. Dei fekk mange born:

~~X~~ HALVOR MARTIN f. 1855  
 HELENE f.1859  
 JOHANNES f. 1862  
 PAULINE f.1865  
 MALENE f. 1866  
 MARTINUS f. 1867  
 RAGNHILDE JOHANNE f. 1871

Pauline finnvi att på side B 8 som gift med Marthin Johannessen Grindheim. På neste side kan vi lesa meir om dei.

Om Pauline sine sysken - sjå side 12B

PAULINE OG MARTHIN GRINDHEIM.

Pauline og Marthin gifte seg i 1894 og dei vart buande på Grindheim. Også søstra til Pauline vart radvøring - ho gifte seg med Anders Sætre og dei budde i Gamletrø. Begge kom dei til radøy som tenestejenter som ganske unge og fann sine ektemenn her. Pauline vart i dagleg tale kalla Lina og sidan det var fleire med det namnet på Grindheim, vart det gjerne Marthin-Lina.

Dei overtok gardsbruket etter Marthin sine foreldre og hadde si gjerning her. Kan elles fortelja at då Marthin i sine unge år var på "sørafiske" i Stavangerområdet, hadde han med seg heimatt eit par små aske-renningar som han planta på tunet. På den tida var det lite både av barskog og lauvskog på Radøy. Desse asketrea som er planta ilag, står der framleis idag ca. 100 år etter. Dei er friske og fine og truleg det største tuntreet i området her.

Bruket dei hadde var ikkje stort, men på den tid var nøysomhet ein dyd, og dei greidde seg. Etterkvart vart det dyrka meir av utmarka.

Mor til Martin døydde før 1900, men faren vart ein gamal mann og budde på bruket på Grindheim all sin dag.

Pauline og Marthin fekk 7 born:

ANNA f. 1895 d. 1972, g.m. Kornelius Monsen frå Sylta. Budde i Bergen

RAGNA f. 1897, d.1973. Ugift. Budde på Radøy

JOAKIM f. 1899, d.1976 g.m. Monsine Tolleshaug. Budde på Grindheim

INGELINA f. 1902, d. 1969 g.m. Halfdan Lian. Budde i Bergen

HARALD f. 1905 d.1969, g.m. Borghild Haugland. Budde i Selje

ANTON f. 1905 (tvilling med Harald) d. 1980, g.m. Alette Dale. Budde på Reksteren.

MARIE f. 1908, levde berre nokre timar.

Lina og Marthin hadde også ei tid ein fostergut, Anders Larsen frå Bergen. Han var hjå dei til han var konfirmert i 1905 el 06. Etter at han reiste, misste dei kontakten med han. Først etter ca.65 år gav han lyd frå seg, då skreiv han til Joakim og bad om å få koma ein tur og sjå sin barddoms bygd att. Han reiste til USA som heilt ung og vart der resten av livet, men han tok turen tilbake til Grindheim då han var omkring 80. Det var gripande å sjå kor godt han hadde tatt vare på alle gode minne frå barndomen i alle desse åra.

PAULINE IVERSDTR. SINE SYSKEN.

\* HALVOR MARTIN 1855-1917 ) gift med Marta Paulsdtr. Tosche (1853-1930). Budde på Nore Sæle.  
Deira born:

\* IVER JOHAN f. 1882, døydde 16 år gamal i 1898

KAREN RANDINE f.1884 g.m. Eilert Svellingen. Born:

Ragnvald g.m. Anna Hellesund

Hermann, busett i England

Magnus g.m. Kristine Hellesøy

Marta, døydde ca. 7 år gamal.

\* PEDER ELIAS f. 1885 d. 1966 g.m. Oline Marie Solend frå Manger. Budde på Sæle. Born:  
Halvor g.m. Borghild Sæle. Busett på Sæle, 10 born.

\* Cecilie g.m. Emil Sæle. Busett på Sæle, 5 born.

Marta g.m. Martin Breivik

Ivar g.m. Hjørdis Olsvold

Ragnhild g.m. Nilmar Sanden. Busett på Sæle.

Ingeborg g.m. Alex Solstad. " i Alvermarka, Lindås.

Johan g.m. Berta Berge.

Oline døydde tidleg og Peder gifte seg oppatt med søster hennr, Elida, som då var enke. Frå første ekteskap hadde ho to born, Lilly og Oskar. Sjå bildeframme i boka.

MARIUS f.1886, døydde 2-3 år gamal.

SEVERIN MARTIN f.1887

SEVERIN MARTIN f. 1888

HANNA MATHILDE f.1889 d.1901

ELLING MARTIN f. 1892 g.m. Beda Larsen, Sverige. Busett i USA. Born:

Karl

Halvor

Evelyn

Elling

RAGNVALD JOAKIM f. 1893 g.m. Petra Fauskanger. Busett på Mjøs i Radøy. Born:

Marie g.m. Erling Mjøs, busett på Mjøs, 5 born.

Halvard g.m. Margit Mjåtveit, busett i Meland, 5 born.

Ragnhild g.m. Bertin Svellingen, busett i Åsane, 2 born.

Ragna g.m. Julius Grindheim, busett på Grindheim, 3 born.

Norvald g.m. Else, busett på Mjøs, 4 born

Hilda g.m. Olav Straume, busett på Straume, Radøy, 5 born.

Pauline Iversdtr. sine sysken forts.

HELENE f. 1859, vart også kalt Elina. Dette har truleg samanheng med at dialekten i Øygarden ofte utelet bokstaven H når den kom først i eit ord. Dette var typisk i mange dialektar i kystdistrikta heilt nord til Møre.

Helena gifte seg med Anders Sætre og dei budde i Gamletræ på Sætre der Anders var frå. Denne plassen kalla dei også for "med kvednane".

Helene og Anders fekk desse borna:

Konrad, reiste tidleg til USA og busette seg der

Albert. " " " " " " " "

Ragnvald g.m. Othelie, budde på Myking. Born: Alma, Edith og Ruth.

Marie g.m. Kittang som var politi i Bergen. Born: Bergljot, Erna Solveig, Ingrid og Finn.

Ingeborg g.m. August Trondsen som var kaptein i handelsflåten. Dei budde i Basteskaret på Dalland i Radøy. Born: Edith, Håkon, Trygve og Agnes.

Harald f. 1902, g.m. Marie Myking frå Sætre. Dei budde i Gamletræ. Born: Klara, John, Asbjørn og Harald Åge.

JOHANNES f. 1862 g.m. Pauline Oen. Dei budde på Øksneset i Austrheim. Deira born:

Peder f.1901 g.m. Emma Amundsdr. Årøy. Peder var skipper og gardbrukar og budde på Øksnes. Born: Johannes f. 1927, Aslaug 1929, Ragnvald f.1930, Ansgar 1933, Solveig 1936, Erling 1938, Sofie 1940, Øyvind 1943.

Josefine

Ingvald

Bertine

Sofie g.m. Ingvald Kvalheim, budde på Kvalheim i Radøy: Born: Johannes, John, Malvin, Sigurd, Berta, Inge og Bernhard.

MARTINUS f. 1867 g.m. Kristine Olsdtr. Hatletveit. Budde på Sæle. Born:

Ingolf, Kristian, Oskar, Ragnhild og Karl.

RAGNHILDE JOHANNE f. 1871 g.m. Klaus Nøkling, budde i Bergen. Dei hadde ikkje born.

Ragnhild vart kalt tante Nøkling og var ein sentral person i familien.

MEIR OM MONS JOHANNESSEN SI SLEKT.

Morsida:

1. Martha og Mathias Johannessen Haugstad  
(1653-1720)



2. Anna Mathiasdtr. Haugstad  
g.m. Johannes Hansen Sætre



- 3 Helge Johannesdtr. Sætre d. 1808  
g.m. Mons Olsen Sætre



Anna Monsdtr. Sætre f.ca. 1753  
g.m. Johannes Hansen Hennøe



Mons Johannessen f. 1786

Hans, d. 1760, g.m. Brite Ellefsdtr. Tolleshaug. Dei budde på Tolleshaug.

Mons, var då på Bergen Hospital. Då det første vanlege sjukehuset i Bergen ikkje vart bygd før i 1780, må dette ha vore St. Jørgens Hospital som alt hadde vore i bruk lenge.

Det var berre spedalske som fekk plass der, og Mons må såleis ha vore ramma av denne sjukdomen som ikkje var uvanleg i kystdistrikta på den tida.

Ingeborg g. på Olsvoll, var då enkje.

Marta g.m. Ole Nilsen Dalland. Budde på Dalland.

Helge g.m. Mons Olsen Sætre.

1. Martha og Mathias budde på garden Haugstad i Manger som fram til 1662 var eigd av Munkeliv kloster. Dei hadde 4 born, kanskje fleire:  
Johannes f.ca. 1693, budde på Tolleshaug. Seinare busette ein av hans etterkomarar seg på Haugstad (no br.n.2)  
Elling f.ca.1695,g.m. Merete Steffensdtr. Sæbdal, budde på Halland (no brn.4)  
Jacob f.ca.1700. Veit ikkje meir om han.  
Anna g.m. Johannes Hansen Sætre.

2. Johannes Hansen Sætre var truleg son til Helge Rasmusdtr. og Hans Jonsen Sætre. I skiftet etter sistnemnde i 1707, er desse borna nemnde: Mogens, Niels, Johannes, Ingeborg og Siri. Far til Hans Jonsen var Jon Hansen og mora heitte Kari og var truleg frå Grindheim.

Anna Mathiasdtr. og Johannes Hansen budde på Sætre og dei hadde mange born. I 1760 levde desse:

3. Helge Johannesdtr. og Mons Olsen hadde ein son som bar faren sitt fulle namn, Mons Olsen. Dei hadde også to døtre som begge heitte Anna (stundom er Anne brukt for dei begge). "Vår" Anna var eldst, f.ca. 1753. Den andre Anna gifte seg i 1793 m. Rasmus Hansen Dalland. Om han fortel kyrkjeboka i 1823: "Blev borte med et Skib som kantret"(54 år) saman med to menn frå Hennøe. Ved folketellinga i 1801 hadde Anna og Rasmus to born, Hans 8 år og Siri 2 år.

## MONS JOHANNESSEN SI SLEKT.

Far til Mons, Johannes, var frå Hernar i Øygarden. Hans foreldre var Hans Johannessen og Mari Jacobsdtr. Forutan Johannes som var eldst, f. 1753, hadde dei desse borna:

Marta f. 1755 g.m. Iver Christiansen Haugland.

Jacob f. 1764 g.1. g. m. Dorothea Jensdtr. Herzberg.  
g.2. g. m. Christi Hansdtr. Lilletveit.

Helge f. 1767

Gudmund f. 1771.

## TILBAKE TIL ANNA MONSDTR. OG JOHANNES HANSSEN (Mons sine foreldre).

Anna og Johannes budde på bruk nr.1 på Sætre der Anna kom frå. Det er det bruket som Lars Myking no har, han er tippoldebarn av Anna og Johannes.

Folketellinga i 1800 kan fortelja at desse budde på bruket då:

Johannes Hanssen, husbonde, 47 år, gift, 1. ekteskap, bonde

Ane Monsdtr, hans kone 48 " " 1. " "

Hans Johannessen, deres b. 17 " ugift

Mons " " " " 14 " "

Ole " " " " 11 " "

Helge " dtr. " " 8 " "

Elie Knudsdtr. 30 " " Pige

I 1796 fekk Anna og Johannes ein son som heitte Gudmund. Han er ikkje med i folketellinga ovanfor og vi finn han heller ikkje seinare. Det mest sannsynlege er at han var død då, men i kyrkjebøkene manglar det protokoll for begravne i denne perioden.

Om Elie Knudsdtr. som står til sist i overnemnde folketelling, veit vi at ho var frå Haugland og tente hjå Anna og Johannes. I november 1801 fekk ho ei dotter, og ho oppgav husbonden sin, Johannes Hanssen, som barnefar.

Barnet vart fødd på Sætre og naboane var fadrar då ho i dåpen fekk namnet Johanne, truleg etter faren.

Kvar det seinare vart av Elie og Johanne, har vi ikkje funne ut av til tross for iherdig leiting.

## MONS JOHANNESSEN SINE SYSKEN.

HANS gifte seg i 1809 m. Ingeborg Andersdtr. Dalland. Dei overtok garden på Sætre. Born:

Mari Hansdtr. f. 1810  
 Anders Hansen f. 1811  
 Ane Hansdtr. f. 1817  
 Ole Hansen f. 1820  
 Johannes Hansen f. 1824.

OLE gifte seg 1.g. m. Kari Paulsdtr. Grindheim. Dei budde på Grindheim og fekk desse borna:

Mari Olsdtr. f. 1813  
 Anne " f. 1815  
 Magnhilde Olsdtr. f. 1817  
 Johannes Olsen f. 1820  
 Paul Olsen f. 1823  
 Lisbet Olsdtr. f. 1825  
 Gudmund Olsen f. 1827

I 1828 gifte Ole seg oppatt med Magdeli Magnesdtr. Indre Helle. Dei fekk desse borna:

Carl Olsen f. 1829  
 Anne Olsdtr. f. 1831  
 Oline Olsdtr. f. 1834 d. 1834  
 Magne Olsen f. 1835

I 1838 inngjekk Ole sitt 3. ekteskap. Ho heitte Guri Magnesdtr. Tolleshaug. Deira born:

Magdeli Olsdtr. f. 1839  
 Ragnhilde Olsdtr. f. 1841  
 Ole Olsen f. 1843  
 Magne Olsen f. 1844, d. 1845  
 Ragnhilde Olsdtr. f. 1845

HELGE gifte seg med Johannes Andersen Lillitvedt og dei bygsla ein gard der. Born:

Hans Johannessen f. ca. 1819  
 Johannes Johannessen f. ca. 1823  
 Kjenner ikkje til om dei fekk fleire born.

Ved folketellinga i 1865 har sonen Hans garden. Han var då enkemann med to døtre, Oline på 15 år og Ingeborg på 12. I "felles eiendom" bur også ein husmann m. jord. Det er Hans sitt syskenbarn Carl Olsen (nemnd ovanfor, son til Ole Johannessen) og kona hans Christi Albrigtsdtr frå Hennø. Ho var dotter til Albrigt Gundersen og altså Otte Eriksen sitt oldebarn, sjå s. 9B.



Far til Anna var Ole Larsen frå nedre Tveiten i Manger. Foreldra hans, Lars Johannessen og Anna Rasmusdtr, gifte seg i 1779 og dei fekk mange born:  
 Johannes Larsen f. 1780  
 Brite Larsdtr. f. 1782  
 Rasmus Larsen f. 1783  
 Mickel Larsen f. 1785  
 Ole Larsen f. 1786  
 Kari Larsdtr. f. 1790  
 Kari Larsdtr. f. 1793  
 Magdali Larsdtr. f. 1795 g.m. ole Willum-sen Askeland i 1827.

Då Magdali var 6 veker, døyde mora. Av skiftet den 26.okt.1795, ser vi at 4 av dei 8 borna også alt er døde. Desse lever att:  
 Johannes 15 år  
 Ole 9 år  
 Kari 2 1/2 år  
 Magdali 6 veker

Lars gifte seg oppatt med Siri Knudsdtr. f. 1767. Året etter, i 1796, fekk dei sonen Mickel (g. 1829 m. Marta Larsdtr. Pletten). Kjenner ikkje til om Lars og Siri fekk fleire born.


Då Ole Larsen i 1821 gifte seg med Magdali Pedersdtr. finn vi i kyrkjeboka at "Pigen Kari Larsdtr. Tveiten, 23 år," gifte seg samtidig med "Ungkarl Ole Eriksen Boge, 29 år." Dette er truleg Ole si søster sjølv om ikkje alderen stemmer heilt.

I 1777 var det skifte etter Johannes Johannessen Nedre Tveiten. Der går det fram at han etterlet seg kone og to søner: Lars 20 år og Johannes 14 år. Dei hadde også ein son Mickel f. 1768, men han var truleg død alt.

Forts. neste side.



Anna si morslekt.



Mor til Anna var Magdali Pedersdtr. frå øvre Tveiten i Manger. Hennar foreldre var Anna Mikkjelsdtr. frå Tolleshaug og Peder Pedersen frå Øvre Tveiten.

Magdali var berre 4 år då far hennar døydde og så vidt vi kjenner til hadde ho ingen sysken. Ho og mora budde på Øvre Tveiten hjå bestefaren som også heitte Peder Pedersen.

Då Magdali i 1821 gifte seg med naboguten Ole Larsen Tveiten, var ho 23 år og han var 34. Dei overtok garden der Magdali vaks opp. Ved folketellinga i 1825 var både mor(52 år) og farfar (80 år) til Magdali nemnde som familiemedlemer.

Magdali og Ole fekk mange born:

ANE (også skrive som Anne og Anna) f. 1823 g.m. Johannes Monsen Grindheim, sjå side

MARTE f. 1825 g.m. Nils Nilsen Askeland, sjå neste side.

PEDER f. 1828 g.1857 m. Maile Johannesdtr Toskø

SIGRID f. 1830 g.1864 m. Paul Knudsen Fauskanger; s.neste s.

MAGDELI f. 1832

BRITE f. 1833, truleg død som barn.

ANNE MALENE f.1840, truleg død som barn

JOHANNE f. 1845 g.m. Karl Knudsen Fauskanger, sjå neste side

MARTE OLSDTR. TVEITEN (sjå føregående side) og hennar etterkomarar.

Mannen til Marte, Nils, var frå Askeland, men han slo seg ned på Garden Halland der han var første brukar av bruk nr 5. Dette bruket var før 1859 halvdelen av bruk nr 3, der svogeren til Nils budde. Det var Sjur Jakobsen.

Marta og Nils fekk såvidt vi kjenner til 3 born:

NILS f. 1852, utvandra til USA

Olai f. 1864, sjå nedanfor

MAGDELI f. 1854. Vidare ukjent.

Olai gifte seg med Ingeborg Hansdtr, Asheim f. 1871. Dei fekk desse borna:

GERDA f. 1897, døydde tidleg

MARTA f. 1897, tvilling med Gerda, utvandra til USA.

KRISTINE f. 1900, utvandra til USA

NILS f. 1903, lærar, busett på Eidsvoll

GERDA f. 1906, utvandra til USA

HANS f. 1909, sjå nedanfor

ODDLEIV f. 1912, lærarb busett i Bergen

MAGNUS f. 1916, tannlege, busett på Vaksdal

Hans gifte seg med Johanna Hjalmarstr. Kolås, f. 1913. Deira born:

INGEBJØRG f. 1937 g.m. Alf Svendheim, busett på Manger

MARIT f. 1940 g.m. Johannes Reigstad, " " "

ODDVAR f. 1942 g.m. Sigrid Straume, busett på bruket.

SIGRID OLSDTR. TVEITEN (sjå føregående side) og hennar etterkomarar.

Sigrid gifte seg i 1864 med Paul Knudsen frå Fauskanger. Ho var då 35 år og Paul var 24.

Berre vel 3 månader etterpå døydde Paul. Dei fekk ingen born.

I 1866 gifte Sigrid (eller Siri som det står nokre stader) seg oppatt med Jacob Paulsen, 23 år. Han var frå Blomvågnes.

PEDER OLSEN TVEITEN.

Det vart Peder som overtok garden på Tveiten. Han og kona Maile hadde sitt virke der i mange år. Dei hadde ikkje born.

I folketellinga 1865 finn vi at desse budde på garden:

Peder Olsen, gardbruker, bygselsmann 36 år

Maile Johannesdtr. hans kone, 36 år

Guri Mikkelsdtr. ugift 37 år.

Guri var truleg tenestejente hjå dei.

I 1875 budde Peder og Maile der åleine.

Kommentarer til side 8B

1. Elling var enkemann då han gifte seg med Anne. Vi kjenner ikkje namnet på første kona hans. I 1691 fekk han skøyte på garden Qvidsten (ein av mange skrivemåtar fram gjennom tida). som på den tida gav ei nettoinntekt pr år på ca. 245 Riksdalar.

Om Elling hadde born i 1. ekteskap er eg ikkje sikker på, men diverse skifte kan gje inntrykk av at Anna er mor til i alle fall dei 8 yngste av barneflokket på 11:

1. Ole Ellingsen Sevdal, (død 1710) g.m. Anna Ingebrigtsdtr. - ein son, Ingebrigt.
2. Marta Ellingsdtr. g.m. Joen Olson Vaktshjold
3. Sogni Ellingsdtr. g.m. Ole Nielsen Indre Sæbø
4. Ole Ellingsen Boge f. 1691, busett på Boga
5. Knut Ellingsen f. 1687, død før 1715
6. Mons Ellingsen Tjore, f. 1682 g.m. Kari Amundsdr. Storheim. Flytta til Y. Sæbø.
7. Hans Ellingsen f. 1685 d. 1715, ugift.
8. Nils Ellingsen, busett på Nore Taule
9. Sigrid Ellingsdtr. g.m. Erik Kolås
10. Anne Ellingsdtr. f. 1695
11. Brithe Ellingsdtr. f. 1696.

Elling døydde truleg same året som Brithe var fødd og Anne vart åleine med den store barneflokket. Etter ei tid gifte ho seg oppatt med Johannes Børgersen Sellevold.

Dei fekk to born til:

Marie Johannesdtr. g.m. Niels Olsen Solheim. Dei fekk 5 born  
Kari Johannesdtr..

#### SIGRID ELLINGSDTR. OG ERIK KOLÅS

Sigrid og Elling budde på Boge. Sannsynlegvis budde dei omtrent slik, sjå bildet. Dette er Bogatunet som er eit svært gammalt tun på Boge. Det er no restaurert og inneheld innbu og reidskap frå den tida husa var i bruk. Bogatunet er no bygdemuseum.



JOHANNES PAULSEN SINE ANER.

Petter Herdlevær f. 1631  
 ↓  
 Ole Petersen Herdlevær 1687-1764  
 ↓  
 Peter Olsen Herdlevær 1710-1780  
 ↓  
 Poul Petersen Toschøe 1751-1830

Poul eller Povel som det står nokre stader, gifte seg i 1774 med Anne Knudsdr. Toschøe. Dei budde på Toska og dei fekk ein son, Petter, i 1775. Men Anne døydde - vi veit ikkje nøyaktig kvatid.

I 1777 gifte Poul seg oppatt med Magdeli Johannesdr. Toschøe, dtr. til Anne Mickelsen (1723-1771) og Johannes Mickelsen Toschøe. Ho var truleg fødd i 1759.

Poul og Magdeli fekk desse borna:

ANE f. 1780  
 MARI f. 1783  
 JOHANNES f. 1784 g.m. Siri Ellingsdr. sjå side 9 B  
 MARI f. 1785  
 ANNE MARIE f. 1788 g. 1811 m. Jacob Paulsen  
 METTE f. 1791  
 METTE f. 1792  
 PETTER f. 1794  
 PETTER P 1795  
 BRITE f. 1796  
 NILS f. 1799  
 MICKEL f. 1800

Det er denne Johannes og Siri vi skal følgja vidare på side 10B

Jan Witt Gudmundsen frå Bergen fekk i 1672 kongebrev på heile Hjelme i Øygarden. Han var son av ein kjøpmann ved same namn. Jan d.y. var fødd i 1703. Då han døydde (1672 ?) delta kona hans, Mari Lampe jordegodset mellom arvingane. Kor mange born dei hadde, veit vi ikkje, men eg er rimeleg sikker på at dei hadde ein son som heitte Gregorius og ein som heitte Gudmund. Den siste var gifte med Siri Olsdtr. Rigstad. Han døydde i 1774, 39 år gamal. Men det er Mari og Jan sin son Clemmet vi skal følgja vidare.

Clemmet var fødd i 1743 og han gifte seg i 1768 med Mette Pettersdtr. frå Hellesund.

Dei fekk mange born:

Malene f. 1770 g. 1798 m. Gunder Jonassen Toschøe.

Petter f. 1771 g. 1801 m. Marte Iversdtr. Sælle

Mari f. 1783 g. 1800 m. Rasmus Monsen Herdlevær

Jan f. 1776

Jan f. 1777, g 1807 m. Brite Nieldtr. Hegøen

Agathe Marie f. 1783 g. 1806 m. Torgild Nielsen Kielstad

Elsebe f. 1787

Gudmund f. 1789

Gudmund f. 1790

Mette f. 1792, g. 1816 m. Rasmus Jansen Herdlevær

Ein del av desse borna døydde tidleg. Ved folketellinga i 1801, budde desse på bruket:

Clemmet Janson, husbonde, 58 år, 1. ekteskap, bonde og gårdbruker

Mette Pettersdtr. hans kone, 51 år, 1. ekteskap

Jan Clemmetsen, Deres Børn 22 år, ugift

Agathe Clemmetsdtr. " " 17 " "

Mette " " " " 8 " "

Den same folketellinga viser at Mari og Clemmet si dotter, Mari og mannen hennar, Rasmus budde på nabobruket. På det tidspunktet hadde dei ikkje born, seinare fekk dei mange. Her er dei vi kjenner til:

Mons f. 1801

Mons f. 1802

Mette f. 1806 g. 1830 m. enkemann Halvor Iversen Nore Sælle sjå s. 12C, 13C, 12B og 13B

Agathe f. 1812

Mette f. 1816

Rasmus f. 1824

SÆLESLEKTA.

I denne slekta har det veksla mellom Halvor (Halver - Hallvard) og Ivar (Iver) i alle generasjonar frå tidleg på 1700-talet og fram til idag.

Den første vi kjenner til, heitte Iver Halvorsen og var frå Hernar. Kona hans heitte Siri Rasmusdtr.

Sonen deira, Iver Halvorsen f. 1753, gifte seg med Martha Johannesdtr. frå Schiold (Skjold i Øygarden). Dei slo seg ned på Nore Sæle der dei dreiv gardsbruk.

Ivar og Marta fekk desse borna:

MARTA f. 1781 g. 1801 m. Petter Clementsen, Hjelme sjå side 10 C

SIRI f. 1784

JOHANNES f. 1784

BRITE f. 1790, døydde truleg som småbarn

BERTEL f. 1793 " " " "

BERTE MARTINE f. 1795 - d. 1816

HALVOR f. 1801

Om Halvor og sonen Ivar og Familiene deira kan du lesa på side 13C

Halvor hadde tidlegare vore gift med Marte Knudsdr. Marøy. Dei fekk to jenter:

Berthe Martine f. 1824, døydde 19 år gamal.

Marte f. 1825, g. 1851 m. Mikkel Erikson Sylta.

Men alt i 1829 døydde mor deira, berre 28 år. Året etter gifte Halvor seg oppatt med Mette Rasmusdr. Dei fekk desse borna:

Marthe Marie f. 1832 g. 1854 m. Mons Johannessen Hella. To born: Marthinus f. 1855 og

Berte f. 1858. Men også denne Marthe ( ho vart foresten kalt for det andre namnet

sitt, Marie), døydde tidleg, berre 28 år. Dødsårsaka kjenner vi ikkje. Mons gifte seg

oppatt med Anna Nilsdr.

IVER f. 1835 g. 1854 m. Ragnhilde Johannesdr. Toska. Meir om dei seinare.

RASMUS f. 1838

RAKEL f. 1840

BERTHE f. 1844

METTE HELENE f. 1844 g. 1864 m. Knut Berthelsen, Nautnes. Han døydde i 1881 og Mette gifte seg oppatt med Bertil Johannesson, Nautnes.

ERIKA ?

Mette og Halvor sin son Iver gifte seg som sagt med Ragnhilde Johannesdr. Toska. Ho var dotter til Johannes Paulsen og Siri Ellingsdr. som vi finn på side 10B. Om farslekta hennar står det meir på side

Iver og Ragnhilde vart foreldre til desse borna:

HALVER MARTIN f. 1855

HELENE f. 1859

JOHANNES f. 1862

PAULINE f. 1865

MALENE f. 1866

MARTINUS f. 1867

RAGNHILDE JOHANNE f. 1871

Pauline finn vi att på side 7B som gift med Marthin Johannessen Grindheim.

Om søskena hennar kan vi lesa meir på side 12C og 13C.